



# Møteprotokoll for Administrasjonsutval

**Møtedato:** 16.09.2020  
**Møtestad:** Alver rådhus, kantina  
**Møtetid:** 09:00 - 12:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Øyvind Oddekalv	AP	Utvalsleiar
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Nestleiar
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Liv Berit Haukås	FAGF	Medlem
Jarle Næss	UDF	Medlem
Silje Fanebust	NSF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Maria Færø	FNB	Medlem

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Hilde Bognøy Kleivdal-HR-rådgjevar, Kathrine Martinsen-HR-leiar, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

## Sakliste

Saknr	Tittel
008/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/20	Godkjenning av møteprotokoll
010/20	Økonomiplan 2021 - 2024
011/20	Melding/orientering til administrasjonsutvalet 16.09.2020

**008/20: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**Administrasjonsutval 16.09.2020:**

**Handsaming:**

Ingen merknader, samrøystes. Sak 011/20 vart handsama før sak 010/20.

**ADM- 008/20 Vedtak:**

Innkalling og sakliste er godkjent.

**009/20: Godkjenning av møteprotokoll  
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Administrasjonsutval 16.09.2020:**

**Handsaming:**

Ingen merknader, samrøystes.

**ADM- 009/20 Vedtak:**

Møteprotokollen er godkjent.

**010/20: Økonomiplan 2021 - 2024  
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Investeringsbudsjettet for 2021 blir vedteke i samsvar med oppsettet. Rådmannen skal justere investeringsbudsjettet for 2021 i samsvar med forventa framdrift på prosjekta som pågår i 2020. Dette betyr at prosjekta som pågår i 2020 som har endra framdrift per 2. tertialrapport vert flytta til 2021 når budsjettvedtaket for 2021 vert fatta. Investeringsbudsjettet for VA prosjekta vert oppdatert i samsvar med temaplan for VA som vert vedteken oktober/ november 2020.
2. Økonomiplan for 2021-2024 og rammer for 2021 vert vedteke, jfr bevilgningsoversikt drift § 5-4. Det endelege budsjettvedtaket for 2021 med korrekt ramme for ordinært rammetilskot og rammer for tenesteområda inkludert lønns – og prisstigning vert vedteken av kommunestyret i desember 2020.

**Administrasjonsutval 16.09.2020:**

**Handsaming:**

Orientering ved rådmann Ørjan Raknes Forthun.  
Uttaler frå dei ulike forbund vert lagt ved saka.

Økonomiplanen 2021-2024 er teke til orientering, samrøystes.

**ADM- 010/20 uttale:**

Økonomiplanen 2021-2024 er teke til orientering.

**011/20: Melding/orientering til administrasjonsutvalet 16.09.2020**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering.

**Administrasjonsutval 16.09.2020:**

**Handsaming:**

Orientering ved HR leiar Kathrine Martinsen og HR rådgjevar Hilde Kleivdal:

- Heiltidskultur
- Bruk av midlertidige tilsetjingar etter AML §1 4-9

Bruk av midlertidige tilsetjingar vert tatt med i styringsdokumenta vidare.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**ADM- 011/20 Vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering.